

Frå påskeferie i Uskedalen til landslagssamling i Trondheim.

27.03.2016



Fotballtalentet Harald Nilsen Tangen som er klar for landslagssamling, saman med faren som hadde ei spelarkarriere i Uskedalen og særleg i Stavanger-området.

Mellom dei som har feira påsken i Uskedalen, er den unge og særdeles lovande fotballspelaren Harald Nilsen Tangen(15). Han er busett i Stavanger, men som son til den utflytte uskedelingen Rune Nilsen, og med bestemor Hjørdis og ei rad tanter, onklar og søskenborn i Uskedalen, har han ei solid forankring i bygda. Han og familien ferierer ofte her.

Harald har allereie, som fersk femtenåring, opplevd mykje gjennom fotballen. Til dagleg er SIF Stavanger G16-elite hovudlaget hans. Det er eit svært godt lag med mange lovande spelarar. I fjar vart dei kretsmeister. I tillegg har han og avtale med andre lag. Han skal spela for Viking i alle store nasjonale turneringar. Dessutan håpar han å få tid til ein del seriekampar med SIF sitt lag i G15-elite. Der er den utflytte uskedelingen Jørgen Arnesen oppmann, og son hans Thomas er ein lovande spelar.

Turneringar har det blitt mange av for Harald, både innanlands og internasjonalt. At han er eit talent utanom det vanlege, viser det faktum at han alt har fått pris som beste spelar i mange av desse. Men det er fleire eksempel på at denne målbevisste, litt beskjedne guten er eit talent utanom det vanlege. Han kan sjå tilbake på treningsopphald i den engelske storklubben Crystal Palace sist haust. Der gjorde han det så bra at han vart flytta opp blant 17 åringane, kontakten etterpå har vore god og dei vil gjerne ha han over til fotballøya, fortel faren, men framleis ønskjer dei å halda fram der han er. Harald syntest det var både kjekt og nyttig å sjekka nivået på akademia i dei engelske storklubbane.



Harald Nilsen Tangen er eit målretta og sympatisk fotballtalent som ønskjer at prestasjonane på banen skal tala for seg.

Kretslagserfaring har ungguten i rikt monn. I starten av desember 2015 tok han eit nytt steg. Då vart han innkalla til si første landslagssamling. Der gjorde nok eit svært godt inntrykk, for tilbakemeldingane til Rogaland fotballkrets var mildt sagt gode. No er han klar for ny landslagssamling i Trondheim. Den startar komande torsdag. Til sommaren vert det så samling i Porsgrunn før det til hausten vert landskampar mot Sverige, Tsjekkia og Finland.

Harald Nilsen Tangen er ikkje eit fotballtalent som slår rundt seg med store ord. Han er kledeleg beskjeden, og har nok forstått at han kjem lengst med å la beina og det som skjer på banen tala. Mange i fotballmiljøet har og sagt seg overraska over at han ikkje har gått til Viking. Interessa frå dei er der så absolutt, men inntil vidare er SIF Stavanger hovudklubben hans. Faktum er at dei har eit svært godt G16 lag. I NM 2016 er dei alt klar for tredje runde etter å ha slått ut sterke lag som Bryne og Vard. No reknar dei med at det kanskje vert eit Bergenslag i neste runde. Elles vert det tett med kampar for den offensive midtbanespelaren når serie og turneringar startar. Forcen hans er hurtighet, og at han har mange assists og scoringar. Å spela med frimerke har han mått læra seg. Det er ein del av gamet, seier han. Det viktigaste for han framover vert å unngå skadar. Dei store opplevingane kan koma tett framover, og det vert kjekt for oss å følgja med på.

Innimellan trivest han godt med å feriera saman med familien i Uskedalen. Og når vi spør om mulighetene for fotballtreninga her, fortel han både om kjekke oldboys-treninga om somrane, og at litt meir vaksne ungdommar ringjer og spør om han vil vera med på fotball.

- Seinast i går var eg med ein kjekk gjeng til Rosendal og spelte der. Veldig fint at dei ringjer og spør om eg vil vera med, avsluttar fotballtalentet Harald Nilsen Tangen som altså er klar for ei ny landslagssamling førstkommande torsdag. Han gleder seg, og vi gleder oss til å følgja med på opplevingane og utviklinga hans vidare.



J14 spelarane Amalie H. Rød, Thea Taranger og Hanna Tvilde syns nok det er inspirerande å møta fotballspellarar som Harald og Rune.
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland